

Skåne Bringsås

Det var ein mann som gjekk på Skorve og leita etter hesten sin, men kunde inginstad finne han. So vart det ei tykk toku, so kunde han ikkje sjå fram for seg, men best som han gjekk kom han innpå ein grøn voll. Han totte detta var rart, for han var vel kjend på Skorve og hadde aldri sett anna enn myrar og steinrøysar der.

Då han kom lenger fram, såg han hus og fulle greidur til ein gard.

Frammi tune såg han ein gamal mann som stod på kne og hakka og hogg ved. Han gjekk burt til han, helsa og spurde um han hadde sett noko til hesten hans.

”Spyrr far,” sa han, ”han sit inni gruva”. Mannen gjekk inn og såg ein gamall kall sitja fammed gruva og steikje fisk på ein pinne. Hovide slong og armane skalv på han, og han såg ut som ei turgrein med tykt lav på.

Mannen spurde honom au om hesten som var burte, men han svara på same måten: ”Spyrr far, han heng i honne på veggen.” Han snudde seg då til veggen; der hekk det eit uhorveleg stort honn og deri sat det ein mann som var so gamal at han ikkje kunde anten ganga eller sjå.

”Å stakkars deg,” sa mannen i honne, ”du leitar etter hesten din, me måtte taka å setja ´n inn for han gjekk i åkeren kons, men ´n heve ikkje nauda noko. Men høre er du ifrå då?” spurde han.

”Frå Seljord,” svara mannen. ”Er seljordingane so sterke no som dei var i gamle dagar? Kom hit med handi di so eg fær prøve um det er merg i fingane på deg,” sa gamlen. Men han som sat frammed gruva átvara ´n og sa at dersom ´n vilde hava heile hender var det ikkje mon i at han let dei koma i den klemma ;”fli ´n den jønnstongi som der stend,” sa han. Mannen so gjorde. Då klemde mannen i honne so hart at vatnet taut or jønnstongi. ”Hau, sa han, ”det er kje anna saudmjåkk i fingrane på seljordingane no mot høtt det var i gamle dagar. Heve du ikkje høyrte gjeti meg? Det er eg som heiter Skåne og bygde Seljords kyrkja for St.Olav, då budde eg i Bringsås, men då den store bjølla kom i kyrkja, då laut eg taka ut, der var kje verande då. Eg var sterk, men st. Olav var sterkare, eg v Reid vatn or ståle, men Olav v Reid vatn or heideitil liksom han kryste på ein ystil.”

Mannen vart der um notti og fekk både mat og drikke. So sat han um kvelden og rødde med dei gamle tussane, og dei fortalde honom mykje og mangt, soleis au um upphave til ætti si. Då Eva gøynde seg for Vårherre i Edens hage, hadde ho eit par bonn som ho ikkje vilde han skulde sjå; difor fordømde han dei og deira ætt til å liva under jordi.

Då ´n reiste, átvara dei ´n at han ikkje måtte sjå tilbake, men skunde seg same vegen som ´n ha komi. Hesten ha vorti so feit at det skein på lang veg av ´n. Han leidde ´n nedivi tune. ”Takk for låni,” sa tussen. ”Sjav takk,” svara mannen, sette seg på hesten og sagde: ”No i guds namn då.” Men då ´n skulde sjå seg um, såg han ikkje anna enn Hestmann-nuten, og grå og svart var den, som ´n alltid hev vori.

Seljordsoga. Etter Landstad, Mytiske sagn.

